



28 NOV 2018

FTU Sogn og Fjordane  
Statens Vegvesen, Region Vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

18/218795-13  
450

Høyanger vidaregåande skule

**Sakshandsamar:**  
Ståle Walsvik  
E-post: Stale.Walsvik@sfj.no  
Tlf.:

**Vår ref.**  
Sak nr.: 15/10606-8  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Dykkar ref.**

**Dato**  
HØYANGER, 26.11.2018

## Trafikktryggleiksarbeid - Søknad om tilskot 2019

Skulen har dei siste åra gjennomført eit fast og godt opplegg rundt trafikktryggleiksarbeid som vi også ønskjer å fortsette med i 2019.

- 1) Førstehjelp ved trafikkulukker
  - Kva gjer ein dersom ein er fyrstemann til ulukkesstaden?
  - Meldingsrutinar
  - Sikring
  - Livreddande førstehjelp
- 2) Trafikkulukke i tunnel og brannfare
  - Kva gjer ein dersom ein kjem opp i ei ulukke i ein tunnel?
  - Korleis opptre dersom det lek drivstoff eller det er fare for lekkasje?
  - Korleis utviklar ein tunnelbrann seg?
  - Faremoment ved røykgass
  - Praktisk sløkking

For at alle elevane skal kunne handle rasjonelt er det viktig med god opplæring både i førstehjelp og brannsløkking ved bilbrann. Difor vil vi at alle elevar skal ha gjennomført praktisk sløkking med pulverapparat i løpet av skuletida.

Dei to første aktivitetane vert på hausten i samband med kommunen si tryggleiksveke. Kostnad kr 15.000,-. For avgangselevane arrangerer vi eit tredje opplegg på våren.

- 3) Trygg russetid
  - I tillegg til samarbeidet med Statens Vegvesen og deira opplegg, inviterer vi politiet og Røde Kors som seier noko om forventingar og konsekvensar. Det er ingen kostnader med dette.

På bakgrunn av dette søker Høyanger vgs. om kr 15.000,- i tilskot til planlagde avktivitetar i 2019.

Håper på positiv handsaming av søknaden.

Med helsing

Ståle Walsvik  
Avdelingsleiar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*